




Me er på veg mot den nye kommunen i Hardanger

ULLENSVANG KOMMUNE

Strategi for digitalisering

-> Helse

Visjonen vår for digitalisering er å vera ein framoverlent og nytenkande kommune som kan vera villig til å utforska og ta i bruk teknologi, for å oppnå smartare tenester til innbyggjarane og ein meir effektiv administrasjon. Denne strategien er ein av fem komponentar som til saman utgjør Digitaliseringsstrategi for Ullensvang kommune. Strategien gjeld for alle brukarar av tenestene til kommunen, politikarar, tilsette og samarbeidspartnarar.



Denne e-Helsestrategien er Ullensvang kommune sitt styrande dokument for framtidig satsing innan bruk av teknologi. Målet er å effektivisera tenestene våre innan helse, auka kvaliteten på desse, og dessutan sikre føreseielege og heilskaplege prioriteringar framover. Strategien skal gje brukarvenlege og trygge tenester, bidra til å avlasta helsevesenet og gje helsepersonell betre hjelp og støtte i arbeidet sitt.

Satsingsområde	Målsetjingar
<p>Tilretteleggja for å bu lengre heime</p> <p><i>Forsking viser at dei fleste eldre ynskjer å bu heime, og at dei i stor grad ynskjer å klara seg sjølv</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Dei som bur heime skal føla seg trygge. Dette skal vi oppnå ved samspel mellom teknologi og menneske • Ved utprøving og innføring av teknologi skal det takast utgangspunkt i respektfull tilnærming og individuell meistring av sjukdom, skade og nedsett funksjonsevne • Vi må ha ein robust, driftssikker teknisk infrastruktur som brukarane våre og pårørande kan stola på • Mobil omsorg skal gje heilskaplege og fleksible tenester med utgangspunkt i enkelt tilgjenge til journal • Ved innføring av sensorar og velferdsteknologi må det skje i eit samarbeid på tvers av etatar og instansar, for å sikra effektiv respons og tydelege rolleavklaringar • Velferdsteknologi skal gje tryggleik og nytte både til brukarar og medarbeidarar i tenestene
<p>Digital samhandling for medarbeidarar og samarbeidspartnarar</p> <p><i>Nye måtar å samarbeida på gjennom deling av informasjon, i kombinasjon med meir fleksible kontorløysingar og integrerte digitale løysingar</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Elektroniske møte og dokumentdeling skal vera ein del av kvardagen til medarbeidarane våre • Fagsystem må samkøyrast slik at dei støttar opp under digitaliserte og automatiserte tenester, som frigjer kapasitet i forvaltninga • Arbeidsprosessar i administrasjon og tenesteleveranse skal standardiserast og bli forenkla, slik at vi raskare kan ta i bruk nye løysingar • Vi må tilstreba betre integrering mellom spesialisthelsetenestene og kommunane sine helse- og omsorgstenester på IKT-feltet • Bruksområda for digital samhandling skal utnyttast for å samla data på ein felles stad, tilgjengeleg for alle involverte partar. Her er samhandling i sanntid, kor deling av tekst, audio- og video er sentrale element
<p>Digitale tenester til brukarar og pårørande</p> <p><i>Oppretthalda grad av meistring etter modell frå andre sektorar vil gje effektivitetsgevinstar</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal ha gode og oversiktlige nettsider der brukarar og pårørande finn relevant informasjon, tips og råd • Det skal vera mogleg å fylla ut og senda inn digitale søknadsskjema, framfor manuell utfylling og vanleg postgang. Herunder òg digitalisert post tilbake til innbyggjarane • Automatisert sakshandsaming ved bruk av teknologiske arbeidsverktøy skal gje kortare ventetid på svar • Vi skal innføra teknologi som skal gje høve til å involvera pårørande og frivillige • Digitale medarbeidarar vil auka tilgjenge overfor brukarar, auka kvalitet og gje effektivitetsgevinstar
<p>Bygningar for framtida</p> <p><i>Utfordringa er å planleggja og byggja bygg og anlegg ein ynskjer å opphalda seg i - ikkje berre vi som er her no, men òg generasjonane etter oss</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vi skal leggja til rette for smarte bustadar og bygg, med standardiserte sensorløysingar, og trådløst nett med tilstrekkeleg kapasitet for brukarane i framtida • Brukarar og pårørande skal kunna ta med eigne teknologiske einingar og knyta desse til eit nettverk • Kontorplassane i framtida er meir fleksible i bruksområda sine gjennom utforming og digitale verktøy • En strategisk arealplan der utnytting av teknologi for både bruk og vedlikehald av bygningar skal gje vegleiing for vidare utbyggingar/rehabiliteringar • Teknologi som blir innført må samhandle med dei etablerte fag- og journalsystema, ikkje bli bygd opp med eigne kjeder av utstyr og løysingar
<p>Utnytta teknologi i institusjonane</p> <p><i>Målet er å gje bebuarane ein tryggare kvardag og møta morgondagen sine utfordringar med smartare tenester</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Velferdsteknologi skal handla om menneske, ikkje teknologi. Brukarar og pårørande skal involverast tidleg når teknologi er tenkt innført • Vi skal ta i bruk teknologi for tilgjengekontroll, digital tilsyn, innbrotts- og overfallsalarm, som t.d. pasient-signalsensorar for m.a. fall, våte senger og vandring frå bebuarar • Det må bli lagt til rette for samspel mellom institusjon og heimetenesta i høve til utstyr, finansiering og lovverk • Bruk av velferdsteknologi fordrar at pasient/brukar får dekkja grunnleggjande behov, og at tenesta ivaretek etiske, juridiske og faglege normer, og dessutan at grunnleggjande verdiar ikkje vert krenkte

Ullensvang kommune skal ha låg terskel for å utforska ny velferdsteknologi. Vi vil aktivt følgja med på trendar i skjæringspunktet mellom det helsefaglege og utvikling av tenestene våre gjennom auka digitalisering. Dette vil vi m.a. oppnå gjennom å delta i ulike kompetansenettverk, ved å vera tilstades i relevante forskingsmiljø og gjennom å vera open for nasjonale og internasjonale prosjekt vi kan ta lærdom av og dela røynslar frå.